

**Fra:** marton.ulstein@osteroyindustrilag.no  
**Sendt:** 20.10.2017 16:36:29  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:** Lars Magne Bysheim

**Emne:** 2017/4336 Høyringsinnspel til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

**Vedlegg:** image001.gif;image003.png;2017\_4336 Høyringsinnspel til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029.pdf

Høyringsinnspel frå Osterøy Industrilag til sak 2017/4336 «Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029» er gjengitt i tekst nedanfor og som pfd-vedlegg.

Venleg helsing

**Marton Ulstein**

*Industrikonsulenten på Osterøy*

E-post: [marton.ulstein@osteroyindustrilag.no](mailto:marton.ulstein@osteroyindustrilag.no)  
Heimeside: [www.osteroyindustrilag.no/indkons](http://www.osteroyindustrilag.no/indkons)  
Organisasjonsnummer: MVA 971566736  
Rådhusplassen, 5282 Lonevåg  
Telefon 56 19 22 70

---

## **2017/4336 Høyringsinnspel til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029**

Den 17.10.17 vart det heldt styremøte i Osterøy Industrilag og Investeringsprogrammet var ei av sakene som blei behandla.

Styret vart presentert for Rådmannen i Osterøy sitt framlegg til vedtak. Saka blei diskutert og det blei bestemt at Osterøy Industrilag ynskjer å støtte Rådmannen sitt framlegg til vedtak, men med eit tillegg til framlegget når det gjeld FV 566 Vesetgjelet.

Bakgrunn:


Osterøy Industrilag ser på FV 566 Vesetgjelet som del av den viktigaste hovedferdselsåra på Osterøy. Men slik Vesetgjelet er no, er det ein svært begrensande flaskehals i infrastrukturen. **Flyttinga frå Prioritet II til I er difor heilt avgjerande for kontinuitet og vidare utvikling av Osterøysamfunnet i si heilheit.**

Tillegg:


Osterøy Industrilag har gjort sonderingar om moglege løysingar som alternativ til tunnel v. I den samanheng meiner Osterøy Industrilag at den beste løysinga er å nytte masse frå K5-prosjektet og legge vegen i slakk stigning frå eksisterande tunnel og heilt inn til høgre i landskapet (frå tunnelsida). Dette vil også monaleg gi meir jordbruksareal enn ei tunnelloysing.

Å bruka masse frå K5 vil også vere med å bidra til at K5 prosjektet kan starta opp.

Venleg helsing  
Osterøy Industrilag



Osterøy Industrilag



**Lars Magne Bysheim**  
*Styreleiar*

---

**Marton Ulstein**  
*Industrikonsulent på Osterøy /  
Sekretær Osterøy Industrilag*